

Detaljregulering Vikse Austre gnr 70 bnr 2



Konsekvensutgreiing

04.02.2018, revidert 30.10.2018

Fimbul AS


Innholdsfortegnelse

Innleiing	3
Metode	5
Vurdering av verdi, omfang og konsekvens	6
Miljø.....	6
Landbruk.....	6
Kulturminner og kulturimiljø.....	7
Natur og miljø.....	9
Friluftsliv og nærmiljø	11
Landskap.....	12
Samfunn.....	14
Teknisk infrastruktur	14
Vikse skule og barnehagetilbodet	14
Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	16
Transportbehov og trafikktryggleik.....	17
Risiko og sårbarheit	17
Samanstilling av alternativa	20


1 Innleiing

1.1 Om planarbeidet

På vegne av Roald Urnes fremjar Kystkonsult AS detaljregulering for del av Austre Vikse gnr 70 bnr 2. Siktemålet med planarbeidet er å tilrette for busetnad og barnehage i direkte tilknytning til Vikse skule. Planområdet tek til ved Fylkesveg 541 og busslomma til Vikse skule, og går deretter nordover i skogbeltet mellom gnr 70 bnr 1 og 4. Området inkluderar òg gnr 70 bnr 71, 88, 89 og 90.



Figur 1 Planavrensing



Figur 2 Utsnitt av kommuneplanen

Området er i kommuneplanen avsett til LNF-område, LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging (SB-44) og byggjeområde for offentlig føremål (O-21). Majoriteten av planområdet er tiltenkt byggjeområde for heilårsbustadar, frittliggande småhus med tilhøyrande infrastruktur. I aust vert det sett av areal til barnehage, i nær tilknytning til Vikse skule. Området vil elles romme friareal og leikeareal i samsvar med kommuneplanen sine føresegner.

1.2 Mandat

Prinsippøknad for planarbeidet vart godkjent av Hovudutval teknisk/næring 07.09.15. Ein stilte krav om planprogram og konsekvensutgreiing. I møte 23.08.16 vart planarbeidet utvida til å omfatte barnehage. Planprogrammet er tilpassa i samsvar med attendemelding 01.06.17 frå undervegs møte 15.03.17. Oppstartemelding og planprogrammet vart sent på høyring 30.06.2017.

Denne konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i fastsett planprogram 11.12.2017.

1.3 Alternativa

Ein vil her gje ein kort gjennomgong av alternativa slik dei er skildra i planprogrammet. Saman med desse alternativa vert 0-alternativet nytta som referanse.

1.3.1 Alternativ 1 – bustadområde med barnehage

Alternativ 1 er utbyggingsalternativet med bustadområde med barnehage. Avgjerande for valet har vore skulenær plassering, nærleik til hovudferdsleårer, teknisk infrastruktur og låge areal- og vernekonflikter.

1.3.2 Alternativ 2 - bustadområde


Alternativ 2 er utbyggingsalternativet med bustadområde utan etablering av barnehage. Alternativet inneber at areal avsett til barnehage i alt. 1 vert utbygt til bustadføremål. Alternativa er elles like i høve til skulenær plassering, nærleik til hovudferdsleårer, teknisk infrastruktur og låge areal- og vernekonflikter.

2 Metode

Arbeidet med konsekvensutgreiing byggjer på Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven. Forskrifta fastset m.a. innhald i konsekvensutgreiinga der føremålet er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert ivareteke i planarbeidet.

Konsekvensutgreiinga vert gjennomført etter dei føringar og utgreiingstema som er gjevne i det fastsette planprogrammet. Arbeidet er utført med bakgrunn i synfaringar, ortofoto, kartgrunnlag, DN-handbok 13, handbok V712, M98/2013, Askeladden, RA-4/2011 Artsdatabanken, Naturbase, Miljøstatus og øvrige tilgjengelege WMS-kjelder.

Gjennom konsekvensutgreiinga søkjer ein å klårlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Med **verdi** meiner ein ei vurdering av kor verdifullt/betydningsfullt eit område eller miljø er. **Omfang** er ei vurdering av kva endringar ein reknar med planen vil medføre for miljø og samfunn, og grada av endring i planområdet med influensområde. **Konsekvens** er ei avveging mellom fordelar og ulemper planen vil medføre.



Figur 3 Konsekvensvifte

Planprogrammet stiller opp to utbyggingsalternativ, som vil verte vurdert i høve til dagens situasjon, 0-alternativet.

3 Vurdering av verdi, omfang og konsekvens

Verdivurderinga er basert på relevante handbøker og rettleiarar, samt overordna og nasjonale føringar. Hensikta er å skilje mellom verdifulle og mindre verdifulle delområde. I verdivurderinga er det verdiane i høve til alternativ 0 som vert lagt til grunn. Det vert vist til verditabellar for kvart fagområde. For kvart utgreiingstema vert det gjeve tre verdinivå - liten, middel og stor verdi. Verdivurderinga vert angitt på ein glidande skala frå liten til stor verdi, og er samanfallande med x-aksen i konsekvensvifta (figur 3).

Omfang er eit uttrykk for kor stor negativ eller positiv påverknad det aktuelle alternativet har for eit område. Omfanget vert vurderast i høve til alternativ 0, og skal vurderast for dei same tema som er verdivurdert. Vurderinga byggjer på kunnskap om verdiane i kvart fagområde, kunnskap om planområdet og planen sine rammer. Verknadane kan vera direkte som t.d. arealbeslag, eller indirekte som t.d. auka elevtal ved skule. Omfangsvurderinga vert angitt på ein glidande skala frå stort positivt til stort negativt omfang samanfallande med y-aksen på konsekvensvifta i figur 3. Ved positivt vurdering vert det indikert grad av forbetring, og like eins forringing ved negativ vurdering.

Konsekvensen for kvart deltema kjem fram ved å samanstille verdi- og omfangsvurderinga mot konsekvensvifta i figur 3. X-aksen i konsekvensvifta tilsvarar verdiskalaen, og y-aksen omfangsskalaen. Alternativ som utløyser meget stor negativ konsekvens (----) kan vera i strid med nasjonale mål, medan alternativ som medfører middels negativ konsekvens (--) eller større bør følgjast opp av avbøtande tiltak.

Tema som er lista opp under er henta frå planprogrammet, og vert delt inn etter kategoriane miljø og samfunn.

3.1 Miljø

3.1.1 Landbruk

Omdisponering av dyrka/dyrkbar mark og tilhøvet til jordvern vert vurdert. Ein vil i utgreiingsarbeidet skilje mellom rasjonelle og ikkje-rasjonelle jordstykker i høve til dei krav og behov som fins i moderne jordbruk, og vurdere utbygginga i høve til omliggande landbruksareal.

Landbruk	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Jordbruk	Skrinn eller jorddekt fastmark, og ikkje-dyrkbar innmarksbeite og andre uprod. areal	Overflatedyrka mark som ikkje er dyrkbart.	Store og samanhengande stykker av fulldyrka mark andre og dyrkbare areal.
Skogbruk	Skog av låg bonitet, og uproduktiv skog. Middels bonitet med vanskeleg driftstilhøve	Store areal av middels bonitet, samt middels store areal av særskilt høg og høg bonitet.	Store areal av særskilt høg og høg bonitet under vanlege driftstilhøve

Arealet som inngår i planområdet består i hovudsak av skog av låg bonitet (23 dekar) og 8 dekar anna markslag. Det er ikkje registrert overflatedyrka mark eller innmarksbeite innanfor planområdet, men om lag 4 fulldyrka areal i søraustre del. Arealet er å rekne som lite etter V712 sine vurderingskriterier. Halvparten av dette arealet igjen utgjer eit smalt parti mellom Fv547 og allereie frådelte tomter (fig. 4). Ut i frå både storleik og arrondering er det ikkje å rekne som drivverdig. Resterande del av arealet (fig. 5) utgjer ein mindre teig under attgroing som ligg utan relasjon til anna dyrka areal, og kan ikkje reknast å oppfylle dei krava som er til rasjonelt landbruk i dag. Teigen er delvis omdisponert gjennom utlagt offentleg område O_21, og er ikkje kjent fylldyrka i moderne tid.




Figur 4 Registrert fulldyrka areal under attgroing – sør




Figur 5 Registrert fulldyrka areal under attgroing – nord

Landbruksverdiane vert med dette sett til *Liten verdi*, med bakgrunn i skog av låg bonitet og høg andel av uproduktive og urasjonelle areal i planområdet.



Omfang vert vurdert i høve til samla arealbeslag, ureining av av jord og avlingar, oppsplitting av landbruksareal, endra vekstvilkår, drenering og ureining til elv, grunnvatn, innsjø og sjø. Omfanget er middels i høve til arealbeslag og direkte nedbygging, men planforslaget vil kun råke ein isolert og liten enkeltteigar med dårleg arrondering. Arealet er har sterkt avgrensa avkastning og vert rekna som vanskeleg drivverdig i høve til krava til moderne landbruk. Utbygginga vil ikkje råke store, samanhengande teigar eller medføre oppsplitting av dyrkbare landbruksareal eller produktiv skog. Hovudparten av planområdet består av skog av låg bonitet. Planforslaget vil ikkje ureine elv, grunnvatn, innsjø eller sjø.

Samla omfang for landbruket vert vurdert som *Lite negativt*.



Konsekvens

Utgreiinga syner liten verdi og lite negativt omfang der begge kategoriar rett nok grensar mot middels, men som etter konsekvensvifta samla gjev **liten negativ konsekvens (-)** for deltemaet landbruk. Ein finn difor omdisponeringa forsvarleg ut i frå arrondering og den avgrensa avkastninga arealet kan gje. Konsekvensen er gjeldande for både alternativ 1 og 2.

3.1.2 Kulturminner og kulturmiljø

Området vil verte vurdert i høve til kulturminneplanen, sefrak-registeret, registrerte automatisk freda kulturminne, samt synfaring for evt moderne kulturminne og heilskaplege kulturmiljø. Med i denne vurderinga inngår også landskapselement som steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar og likande.

Kulturminne/-miljø	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
--------------------	-------------	---------------	------------

Fornminner (aut. fr.)	Vanlege enkeltobjekt ute av kontekst eller sterkt skada lokalitet	Representative funn som inngår i kontekst. Stadar tilknytt segner/tradisjon	Sjeldne eller spesielt representative funn, og/eller som inngår i viktig kontekst.
Moderne kulturminne	Objekt som er vanlege for epoka og ikkje inngår i kontekst	Representative objekt for epoka som inngår i kontekst	Sjeldne og viktige objekt som inngår i viktig kontekst
Kulturmiljø	Vanlege bygningsmiljø for området og epoka. Enkelbygningar utan spesielle kvalitetar	Representative miljø for epoka. Bygningar med arkitektoniske og kunstneriske kvalitetar	Miljø som er sjeldne eller særleg representative. Høge ark./kunst. kvalitetar

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

Innanfor planområdet er det gjort tre sefrak-registreringar, ruin og løe og eldhus samt våningshus. Våningshuset er i dag rive, og gjenreist i moderne utgåve på 70/88. Ruin av løe inngår i allereie frådelt og planert bustadtomt 70/89, og er soleis fjerna. Ruin av eldhus (fig. 6) ligg tett på tilkomstveg for våningshus på 70/2. Eldhus er vanleg å finne på gardseigedomane i området, og det aktuelle objektet er ein ruin som i dag utan relasjon til sitt opphavlege bygningsmiljø.

I sørvestre og søraustre del av planområdet finn ein restar av steingardane i skiftet mot naboeigedomane (fig. 7). Steingardane har i dag avgrensa lengde og tilstand, men bør ivaretekast som del av planarbeidet. Forutan om desse er det gjennom synfaring ikkje funne andre nyare tids kulturminne i området.



Figur 6 Ruin av eldhus

Figur 7 Restar av steingard søraust

Kulturminne og kulturmiljø vert med dette sett til *Liten verdi*. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, og dei nyare tids kulturminna utgjer enkeltobjekt i dårleg stand/ruin.



Omfanget vil verte vurdert etter direkte arealbeslag, og korleis utbygginga får verknad for samanhengen mellom kulturmiljø og omgjevnadane. Endringar i omgjevnadane som får verknadar for kulturminnet kan vera svekka samheng mellom kulturmiljø og kontekst, og fragmentering eller auka barriereverknad mellom enkeltobjekt og konteksten.

Eldhusruinen ligg tett på noverande tilkomstveg for våniningshuset på 70/2, og det er venta at denne vegen ikkje vil verte utvida eller få vesentleg auka belastning som ei følgje av planarbeidet. Eldhusruinane kan gjennom planarbeidet få tilført ny funksjon som fellesbygning. Restar av steingardar fungerer i dag som grensemarkørar mellom eigedomar, og planleggar vil vidareføre denne funksjonen.

Samla omfang for kulturminne og kulturmiljø er vurdert å vera *Lite negativt*.



Konsekvens

Utgreiinga syner liten verdi og lite negativt omfang, som etter konsekvensvifta samla gjev **liten negativ konsekvens (-)** for deltemaet kulturminne og kulturmiljø. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne, eller avdekt nyare tids kulturminne av betydning i planområdet. Konsekvensen er gjeldande for både alternativ 1 og 2.

3.1.3 Natur og miljø

Planområdet vil verte vurdert i høve til observert og registrert natur- og artsmangfald. Både enkeltlokalitetar og landskapsøkologiske samanhengar vil verte vurdert, der verdien vert avgjort etter kva system og artar området tenar.

Natur og miljø	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Viltområde	Lokalt viktige område (C), samt viltområde og vilttrekk med viltvekt 1	Viktige viltområde (B), samt viltområde og vilttrekk med viltvekt 2-3	Særs viktige viltområde (A), samt viltområde og vilttrekk med viltvekt 4-5
Naturtypar	Areal som ikkje kvalifiserar som viktig naturtype	Lokalitetar og utvalde naturtypar i kategori C	Lokalitetar og utvalde naturtypar i kategori A og B
Artsførekomstar	Arter som ikkje er raudlista	Førekomstar av NT og DD etter raudlista	Førekomstar av truga artar, VU, EN, CR

Det er ikkje registrert verna område, prioriterte artar, utvalde naturtypar eller viktige naturtypar innanfor området. Det er heller ikkje registrert viktige viltområde, landskapsverneområde, naturreservat eller område med anna freding eller verna enkeltobjekt.

Området ber stort preg av attgroingsartar, som høymåle, nesler, siv, einer og skjermplanter ilag med yngre treslag av bjørk, rogn, hassel og ask. Dei fulldyrka areala har store mengder ungtre i lågare graslag. Det er observert to busker av alminneleg kristorn i planområdet.



Figur 8 Typiske attgroingsarter – nordaust




Figur 9 Kristorn vest i området

Om lag 400 m vest og nord for planområdet ligg lokalitetane Rongvasshaugane, som er registrert naturbeitemark og kystlynghei i blanding. 250 m søraust ligg Viksefjorden naturreservat, våtmarksområde. Her er òg registrert mudderstrand.

Planområdet har vore under attgroing i fleire tiår og har ingen relasjon til nemnde lokalitetar kartlagt utanfor planområdet både grunna landskapstype, geografi og tekniske inngrep.

Natur og miljø vert med dette sett til *Liten verdi*.



Omfanget vil verte vurdert etter arealbeslag og direkte og indirekte verknadar mot naturmangfald og landskapsøkologiske samanhengar. Området er under attgroing og artsmangfaldet og artsvariasjonane er små. Arealen er prega av attgroingsartar og blandingskog med innslag av eier. Det er ikkje registrert eller observert arts- eller naturmangfald av betydning i planområdet, eller areal som inngår i ein større samanheng eller økologisk tilstand utanfor området. Faren for tap av naturmangfald er liten, og ein ser ikkje at arealet vil medføre oppsplitting eller brot på landskapsøkologiske samanhengar.

Samla omfang for natur og miljø er vurdert å vera *Lite negativt*.



Konsekvens

Utgreiinga syner liten verdi og lite negativt omfang, som etter konsekvensvifta samla gjev **liten negativ konsekvens (-)** for deltemaet natur og miljø. Det er ikkje avdekt listeførte naturtypar eller artsmangfald i planområdet, og området ber generelt preg av attgroingsartar. Konsekvensen er gjeldande for både alternativ 1 og 2.

3.1.4 Friluftsliv og nærmiljø

Friluftsliv er definert om opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på naturopplevingar og rekreasjon. I dette omgrepet reknar ein både urørt og berørt naturterreng og rekreasjonsareal. Naturterreng er området større enn 200 dekar, medan rekreasjonsareal er mindre parkar, turvegar, idrettsanlegg, m.v. Nærmiljø vert definert som mennesker sitt daglege livsmiljø, herunder område og ferdelsårer som ligg i umiddelbar nærleik av busetnad, og er området der lokalbefolkninga til dagleg ferdast til fots eller på sykkel.

Friluftsliv og nærmiljø	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Friluftsområde	Områder som er mindre brukt eller eigna til friluftsliv	Områder som vert nytta til friluftsliv og rekreasjon	Store områder som er i hyppig bruk av born, unge og vaksne
Veg- og stinett	Manglande eller lite brukt veg- og stinett, evt med barrierer	Etablert veg- og stinett som er i bruk	Sentrale og særskilt tilrettelagt veg- og stinett
Anna bebygd område	Ingen skular, barnehage eller uteområde	Fritidstilbod/uteområder med middels brukarintensitet	Skular, barnehagar og uteområde med høg brukarintensitet


Planområdet er ikkje i bruk til friluft eller rekreasjon, men ligg i tilknytning til større friluftsområde i nord. Arealet i kring av planområdet fungerer som nærmiljø for busetnad og skule. Utbygginga vil ikkje råke desse tråkka, men snarare gje betre tilkomst for friluftsområde og rekreasjonsområde på Vikse. Det vert vurdert positivt at planområdet ligg i tilknytning til skuleområdet, som vil fungere som uteområde også på fritida. Etablering av barnehage som gjeve i alternativ 1 vil styrke dette inntrykket. Som del av planarbeidet vil det verte opparbeidd gongvegtilkomst til Vikse skule. Området ligg elles ikkje i tilknytning til større gong- og sykkelvegnett, men dette er under planlegging gjennom eigen områdeplan.

Natur og miljø vert med dette sett til *Middels verdi* grunna området sin nærleik til friluftsområde i nord og uteområde ved Vikse skule.




I omfangsvurderinga legg ein vekt på arealet sine bruksmoglegheiter, attraktivitet og tilgjengelegheit. Dette må vurderast i høve til korleis planen påverkar moglegheitene for nærmiljø og/eller friluftsliv i planområdet og influensområdet. Sjølve utbygginga vil ikkje medføre stort beslag av område som i dag er nytta til friluftsliv eller nærmiljø, men snarare tilrettelegge for betra kopling mellom brukarar og desse områda. Det vil verte etablert gongvegnett internt i planområdet med kopling til Vike skule. Gjennom etablering av barnehage som i alternativ 1, vil ein ytterlegare tilføre arealet leikeareal/uteområde som vil fungere som nærmiljø. Dette vil særleg tilkoma born og unge, samt grupper med låg mobilitetsevne.

Samla omfang for alternativ 1 for friluftsliv og nærmiljø er vurdert å vera *Middels positivt*.



Samla omfang for alternativ 2 for friluftsliv og nærmiljø er vurdert å vera *Lite positivt*.



Konsekvens

For **alternativ 1** syner utgreiinga middels verdi og middels positivt omfang, som etter konsekvensvifta samla gjev **middels positiv konsekvens (++)** for deltemaet friluftsliv og nærmiljø. Ein vektlegg her lite beslag av areal som i dag er nytta til friluftsliv- og nærmiljøområde, samt auka bruksmoglegheiter, attraktivitet og tilgjengelegheit til aktivitets- og nærmiljøområde som ei følgje av tilrettelagt leikeareal/uteområde og gongsti.

For **alternativ 2** syner utgreiinga middels verdi og lite positivt omfang, som etter konsekvensvifta samla gjev **liten positiv konsekvens (+)** for deltemaet friluftsliv og nærmiljø. Konsekvensen vert noko lågare med dette alternativet grunna mindre tilrettelagt leikareal/uteområde, som ei følgje av at barnehagearealet utgår.

3.1.5 Landskap


Med utgangspunkt i dei samla karaktertrekka i landskapet er Noreg inndelt i landskapsregionar. Landskapskarakteren vert vurdert etter hovudkomponentane; landskapet sine hovud- og småformer, sjø og vassdrag, vegetasjon, jordbruksmark og bebyggelse og anlegg. Sørvestre del av Sveio ligg i landskapsregion 20 – kystheiene på Vestlandet (NIJOS 10/05).

Regionen er kjennteikna av ei jamn og samanhengande utforming med mindre variasjonar gjennom klipper, sprekkedalar, knattar og ryggar. Lågare parti med myr og små tjern høyrer også med. Lynghei er ein dominerande faktor i landskapsbiletet. Få områder er intakt. Ein finn brukstradisjonar med lang kontinuitet, sjølv om berre nokre få område er i aktiv skjøtsel og beitebruk. Noko siktagran er planta, og bebyggelse pregar mange områder.

Verdivurderinga av landskapet byggjer på landskapskartlegging gjennomført i samsvar med Norsk referansesystem for landskap (NRL). Verdivurderinga krinsar om kriteria representativitet og sjeldenheit, som gjev området sin relative verdi innanfor den einskilde landskapstypen. Representativitet vil seie typiske kjenneteikn i høve til den landskapstypen eit område tilhøyrer. Vurderinga av området skjer då i høve til sin regionale kontekst. Sjeldenheit søkjer å framheve det særskilte og spesielle ved området, eigenskapar som gjer at området skil seg frå andre område innanfor same landskapstype.

Landskapet vert vurdert etter ein 5-delt skala utvikla av Direktoratet for naturforvaltnings og Riksantikvaren i rettleiaren Metode for landskapsanalyse 4/2011.

	1. Ubetydeleg verdi – landskap med få eller reduserte verdiar.
	2. Liten verdi – landskap med få verdiar i lokal samanheng
	3. Middels verdi – landskap som er vanleg i lokalt/under snittet i regional samanheng
	4. Stor verdi – landskap som er vanleg førekomande i regional samanheng
	5. Sær stor verdi – landskap av nasjonal betydning/over snittet i regional samanheng



Figur 10 Landskapsregion 20 – kystheiene

Då ein i vurdering av dei fleste landskap vil oppleve at områda vert karakterisert som vanlege lokalt (3), er skalaen særleg hensiktsmessig for å kunne skilje ut område som har særst stor regional eller nasjonal verdi (5). For å kunne nytte lågaste verdi (1) må inngrep ha ein dominerande verknad på landskapsområdet. Høgste og lågaste verdi vil difor etter metodikken berre verte nytta unnataksvis.

Frå rapport 7/2011 Verdivurdering av landskap i Hordaland av Aurland Naturverkstad AS, etter oppdrag frå Hordaland fylkeskommune, er Vikse Austre gjeven verdivurdering 2 – liten verdi – i høve til sin landskapsregion.

Me vil i det følgjande vurdere landskapet på lokalt nivå med utfyllande stadsspesifikke kriterier.

Området ligg i ei overgangssone mellom spreiddbyggt strok og område der naturlandskap er dominerande. Naturlandskapet er ikkje urørt, men har tidlegare vore nytta til landbruksverksemd. Det er i dag under attgroing.

Landskap	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Naturområde og naturprega område	Områder med reduserte visuelle kvalitetar	Områder som er representative for sin landskapsregion	Unike områder med særleg gode visuelle kvalitetar
Spreidtbyggt område	Områder med reduserte visuelle kvalitetar og bygningsmiljø	Områder som er representative for sin landskapsregion med vanleg gode kvalitetar og bygningsmiljø	Områder der landskap og bygningsmiljø gjev eit særleg godt eller unikt totalinntrykk




Figur 11 Mindre bergrygg typisk for planområdet – vest tiår representert.


Arealet er småkupert og har ein variert topografi. Uproduktiv skog utgjer størsteparten av planområdet. Vidare er det registrert to mindre område med åpen, jorddekt fastmark. Eit mindre fulldyrka areal ligg òg innanfor planområdet. Nordre del av planområdet er noko myrlendt, men det er relativt lite vassig i området. Det er ingen vatn eller elvar i planområdet. Området er prega av attgroing, og ikkje drivverdig.

Søre del av området er i dag prega av spreidd bustadbygging og ei blanding av heilårsbustadar og fritidsbustadar. Mykje av bebyggelsen i området er av eldre karakter, men ein finn alle

Landskap vert vurdert til *Liten verdi* grunna overordna kartlegging innanfor sitt landskapsområde, og at planområdet er prega av tiltakande attgroing og relativt lite bebyggelse.



I omfangsvurderinga vert det lagt vekt på at det svakt kuperte landskapet gjev gode moglegheiter for å skape variasjon mellom bebyggelsen, og å ivareta dominante markørar i landskapet. Ei utbygging vil venteleg ikkje medføre store terrenginngrep som vil krevje reparasjonstiltak, men snarare gje grunnlag for ei plassering av tiltak som harmonerer med landskapet og naturgjevne markørar. Det er likevel liten tvil om at utbygginga vil endre landskapsbiletet, men dette skjer i nær samanheng med allereie etablert infrastruktur, bebyggelse og skuleområde.



Konsekvens

Utgreiinga syner liten verdi og middels negativt omfang, som etter konsekvensvifta samla gjev **liten negativ konsekvens (-)** for deltemaet landskap. Området er under attgroing og ligg mellom spreiddbygde areal, i ein landskapstype med registrert Liten verdi og eit område med begrensa visuelle kvalitetar.

3.2 Samfunn

3.2.1 Teknisk infrastruktur

Fv541 forbi planområdet har ein ÅDT på 920, og av dette utgjer 10% tyngre køyrety. Planområdet vil gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur for offentleg vatn. Det er vidare løyvd midlar for etablering av offentleg avløp på Vikse. I samband med utbygginga er det berekna behov for ny trafokiosk/nettstasjon i området, og eksisterande 22 kV luftleidning langs Ø/NØ i planområdet vil visast med omsynssone i plankartet. Det er etablert fiberkabel til området. Utbyggar vil etter nærare planar gjera tiltak i høve til overvatn i området, og føra dette bort S/SV for Fv541 i oppgradert grøft ut av området. Det er planlagt gongveg frå planområdet til Vikse skule, og gongveg T-kryss til busslomma ved Fv 541. Ei større gongvegutbygging til Vikse er elles under planlegging i kommunal regi. Ein vil likevel framheve at planane på 70/2 alt ligg ved Vikse skule, og bustadfeltet si plassering sikrar kort og trygg skuleveg.

Konsekvens

Samla sett vurderar ein kapasiteten til noverande infrastruktur å vera liten, medan verknadane av alternativ 1 er middels og alternativ 2 liten. Samla konsekvens av begge forslaga vil vera positiv, då begge alternativa føreset tiltak som vil betre infrastrukturen i området. Alternativ 1 vert rekna å gje **liten til middels positiv konsekvens (+/++)**, medan alternativ 2 gjev **ubetydeleg til liten positiv konsekvens (0/+)**.

3.2.2 Vikse skule og barnehage tilbudet

Utbygginga sine konsekvensar for skule- og barnehage tilbudet på Vikse vert vurdert i det kommande. I tillegg vil ein gjera vurderingar som knyter seg til transformasjon, og verknadane for Vikse på lengre sikt som ei følgje av bustadbygging og eventuell lokalisering av barnehage ved skulen. Planforslaget sin verknad grunna omgjerung av arealføremål O_21 vert vurdert i høve til kapasitet og framtidige arealbehov ved Vikse skule.

I denne delen av vurderinga vil ein nytte metodikken så langt den passar, og dette deltemaet vert

difor meir deskriptivt enn dei føregåande.

Ein legg til grunn at planområdet etter alternativ 1 kan romme 18-20 einebustadtomter og areal for barnehage med uteareal, parkeringsareal og trafikkareal (samla 5-6 daa). Etter alternativ 2 vert barnehagerelaterte arealføremål omgjort til einebustadtomter og konsentrert busetnad, estimert til 22-24 einebustadtomter og areal for konsentrert busetnad (6-8 einingar).


Nærare om Vikse skule

Vikse skule består i dag av sju trinn, fordelt på åtte klassar og SFO. Det pedagogiske personalet består av 16 tilsette. For berekningar på Vikse har Sveio kommune v/ skulekontoret lagt til grunn SSB si høgste folketalsframskriving. Klassestorleiken på Vikse har vore aukande over tid, og denne tendensen er venta å halde fram.

Vikse skule	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
1.tr.	13	19	13	13	27	20	23	21	24
2.tr.	13	12	19	13	13	27	21	22	21
3.tr.	23	13	12	19	13	13	27	22	22
4.tr.	22	23	13	12	21	14	13	28	22
5.tr.	13	21	23	15	13	21	13	13	28
6.tr.	7	13	21	10	13	14	21	12	13
7.tr.	11	7	13	20	11	13	14	21	12
SUM B	102	108	114	102	111	122	132	139	142

Figur 12 Elevtalsutvikling Vikse skule

Etter utbyggar på Rophus og Ekrene det siste tiåret har dei lågare trinna stabilisert seg over 20, og vidare planlagt bustadbygging i krinsen vil venteleg befeste desse tala for alle klassetrinna. Det er difor sannsynleg at Vikse skule vil ha eit elevtal på 150-170 utover 2020-talet. Andelen utbygginga på 70/2 vil stå for av dette er vanskeleg å berekne, grunna usikre faktorar som utbyggingstakt, tidsperspektiv og aldersfordeling. Ut i frå erfaringstal bør ein likevel legge til grunn at eit bustadfelt med 20 tomter, bygt ut over 6-7 år, vil kunne generere eit auka elevtal i 1. til 7. trinn på 18-20 elevar. I tillegg vil barnetala på Rophus venteleg falle i tiåra som kjem, i det dette bustadfeltet går inn i ei meir etablert fase med aldrande befolkning. Dette dempar den samla verknaden for Vikse-krinsen, men det synest imidlertid klårt, ut i frå folkeveksten i Vikse-krinsen, at store klassar vil vera einerådande på Vikse framover. Tida med klassetrinn på 13-14 elevar vert difor avløyst av klassar på 20-25 elevar, som er i tråd med forventningane bak den siste utbygginga som har funne stad ved skulen. Gitt romfordelinga ein i dag finn på Vikse skule, og demografiske trendar i krinsen, reknar ein at skulen har kapasitet til å tåle utbygginga på 70/2.



Figur 13 Utsnitt kommuneplan

Verknadar av omgjort arealføremål O_21

Alternativ 1 føreset etablering av barnehage innanfor planområdet, og dette er tilrådd plassert i nær relasjon til Vikse skule for å samlokalisere pedagogiske tenester, dra vekslar på uteområde og styrke opplæringsmiljøet på staden. På fig. 13 er sjølve barnehagetomta stipla i raudt, medan parkeringsarealet er vist i sør med grå stipling. Ny tilkomst vil venteleg verte etablert frå vest. Om lag 2 dekar av O_21 i kommuneplanen vil soleis verte regulert til barnehageføremål. Sjølve barnehagebyggingen vil kunne etablerast innanfor avsett offentleg føremål etter kommuneplanen, medan uteareal og parkeringsområde vert lokalisert i LNF-område og område for LNF-spreidd.

Alternativ 2 føreset bustadbygging òg på dette arealet, einebustadar i

nord og konsentert busetnad i sør.

Arealet kor barnehagen er tenkt plassert heller mot vest frå grensa til gnr 70 bnr 4, som òg markerar planområdet sin ytterkant i austleg retning. Gjennom kommuneplanen vedteken i 2011 vart O_21 utvida i nordleg og austleg retning for å ivareta Vikse skule sine framtidige behov. Nybygget er lokalisert mot nordaust. For vidare utbyggingssteg vil ei nordleg utbygging vera det mest naturlege både i høve til terreng, opparbeida uteareal og noverande bygningsplassering. Ein kan ikkje sjå at etablering av barnehage i ytterkanten av O_21 vil medføre at Vikse skule sine framtidige behov vert særleg råka. Snarare tvert om vil etablering av barnehage som gjeve i alternativ 1, styrke Vikse skule både i høve til opplæringsmiljø og fornuftig arealbruk/samløkalisering.

Her står imidlertid alternativ 2 i stor kontrast, då dette alternativet vil befeste heilårsbebyggelse tett inntil skuleområdet. Alt i dag ligg det tre bustadar/hytter for tett på skulearealet. Ei vidareføring av denne blanda arealbruken er ikkje tilrådeleg så tett på skuleområdet at det medfører potensielle brukskonflikter.

Eit eventuelt auka skuleareal vil slik skulen i dag er etablert, og særleg etter byggesteget frå 2011, måtte skje vidare nordover. Det vil ikkje vera tilrådeleg både grunna etablert busetnad og terrenghøve å basere ei eventuell framtidig utbygging i vestleg retning. Sveio kommune kan elles frigjera allereie eigd grunn i søraust gjennom riving av gamle Vikse skule.

Konsekvens

Dei to utbyggingsalternativa vil begge ha liten/middels konsekvens for Vikse skule, der alternativ 2 vil gje nokre fleire bueningar enn alternativ 1. Alternativ 1 skil seg mykje i høve til alternativ 2 kva gjeld etablering av barnehage, og dei positive verknadane dette har i høve til samlokalisering, arealbruk og pedagogisk opplegg. Ingen av alternativa vert rekna å vanskeleggjera framtidig utbygging av Vikse skule. I høve til konsekvensvurderinga gjer ein merksam på at auka elevtal, isolert sett og reint metodisk, vil telje som negativt på eksisterande skuleinfrastruktur. Medrekna andre samfunnsmessige verknadar reknar ein alternativ 1 å gje **liten positiv konsekvens (+)**, medan alternativ 2 gjev **liten negativ konsekvens (-)**.

3.2.3 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planområdet på Vikse 70/2 er ikkje del av Sveio sin kommuneplan 2011-2023, og med det heller ikkje innarbeidd i fase 1-3 i regional plan. Regional plan legg imidlertid fleire føringar i høve til lokalisering, som planen på 70/2 møter, og definerar området innanfor sona «bynære områder» ihht plankart på side 40. Planområdet møter også fleire moment i statlege planretningsliner for bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette vert ytterlegare forsterka gjennom planarbeid som vil kople saman Ekrene og Vikse med gong- og sykkelvegnett. Det følgjer elles av regional plan at fortetting og transformasjon kan skje i alle faser. Retningslinene i regional plan er ikkje føresegner med juridisk verknad, men gjev likevel uttrykk for kva som er av vesentleg betydning for den regionale politikken på området. Ein vil i det kommande særskilt vurdere korleis planarbeidet stiller seg i høve til dei gjevne fasane i regional plan.

Skulane i Sveio kommune, som dei fleste landskommunar, har tradisjonelt vore plassert *mellom* bygdela, heller enn til éi bygd med tilhøyrande konsentrasjon. Med dagens krav til skuleveg, vegstandard og trafikkmengde gjev denne eldre skulestrukturen utfordringar i høve til trafikktryggleik og køyreavstandar.

Vikse skule er også etablert utan relasjon til byggefelt, men er tradisjonelt plassert *mellom* bygdela og med 2-4 km avstand til moderne byggefelt. Sveio kommune har sidan midten av 2000-talet har vedteke fleire reguleringsplanar med ei omfattande bygging av bustadar på Rophus og Ekrene, om

lag 4 km frå Vikse skule – samt Tronnes om lag 1,5 km frå skulen. Dette har medført manglande relasjon mellom bustadområde og skule i denne krinsen. Ein områdeplan er under utarbeiding for å sikre etablering av gongveg frå desse bustadfelt til Vikse skule. Dei aktuelle områda som vert kopla til skulen gjennom gongvegnettet er omfatta av regional plan, men desse byggeområda vert liggande om lag 4 km i frå skulen.

Ein vil i det følgjande vurdere planområdet i seg sjølv i høve til retningsliner for bustadbygging i regional plan.

Gjennom *retningsline 9* skal regional plan bidra til korte avstandar til daglege gjeremål, effektiv arealbruk, tilrettelegge for differensiert bustadstruktur, bukvalitet, gode bumiljø og gje grunnlag for miljøvenleg transport. Som gjort greie for i det ovannemnde er den store kvaliteten ved planarbeidet den korte gongvegavstanda til Vikse skule. I tillegg er det klårt at det knyter seg så vel pedagogiske som arealmessige fordelar ved samlokalisering av skule og barnehage. Planområdet legg opp til differensiert bustadstruktur i form av utbygging av så vel einebustadar, sekundærbustadar og fleirmannsbustadar. Det går lokalbuss forbi planområdet, og denne har tilknytning til Sveio, Haugesund samt regionalt kollektivnett mellom Bergen og Stavanger frå Fv47 om lag 1,5 km frå området. Langs delar av denne vegen vert det gjennom eigen områdeplan planlagt gong- og sykkelveg. Med sin nærleik til natur, rekreasjonsområde, og sør- og vestvende plassering, finn ein elles området å gje gode bu- og oppveksttilhøve.

Samla sett finn ein ikkje planområdet å vera i direkte strid med retningsline 9. Ein må imidlertid pårekne at fleire daglege gjeremål i praksis vil måtte skje med personbil, men området si plassering umogleggjer ikkje bruk av gange, sykkel og kollektivløysingar. I vurderinga lyt ein òg vektlegge bukvalitet og bumiljø, og nærleiken til oppveksttenester.

Retningsline 10 set opp generelle retningsliner for prioritering og rekkefølge av bustadbygginga. Planområdet er ikkje omfatta av bokstav a fyrste ledd, som viser til områder definert i plankart. Andre ledd syner til områder med lite utbyggingspress, og ein finn at Vikse tradisjonelt fell innanfor denne kategorien – men nærleiken til Ekrene og Rophus nyanserar dette biletet. Hovudparten av bustadbygginga i Sveio kommune skjer frå Sveio sentrum og sørover, med tyngde i sentrum og Ekrene/Rophus.

Trass i planområdet si manglande forankring i regional plan, synest det klårt at Sveio kommune med bakgrunn i vedteken utbygging av Vikse skule i 2011, bør opne opp for å dreie bustadbygginga til Vikse og området kring Vikse skule. Dette vil for framtidige byggeområde gje reell gongavstand til skule- og barnehageområdet, og rimlegare løysing av infrastruktur som t.d. gong- og sykkelveg samanlikna med ei vidare satelittutbygging på Rophus og Ekrene. Ein slik transformasjon verkar òg vera meir i tråd med siktemåla i regional plan.

Sveio kommune er ikkje omfatta av *retningsline 11*, og fell utanfor denne vurderinga.

Retningsline 12 fastset ynskja arealutnytting i bustadområde. Planområdet fell innanfor tabellen sine «bynære områder» med siktemål om 2 bustadar per daa byggeområde. I vurderinga heiter det av retningslinene at kravet til tettleik m.a. må sjåast i relasjon til tomtestorleik, terreng og området for øvrig. Innanfor planområdet er det avsett 21,6 daa småhusbusetnad BFS og 1,8 daa konsentrert BKS. Innanfor BFS er det opna opp for 21 einebustadar med sekundærhusvære. Ein antar ut i frå erfaringstal at om lag 25% av einebustadane vil romme sekundærhusvære. Samla gjev dette 26 bueiningar, medan det innanfor BKS etter retningsline 3.2 truleg kan etablerast mellom 8 og 10 einingar.

Dette gjev 1,5 eining per daa, som er svakt lågare enn siktemålet i regional plan. Ein må imidlertid

vege dette opp i mot busetnadsstrukturen på Vikse, som i stor grad er dominert av spreidd busetnad, einebustadar med store tomter, småbruk og gardstun. 1,5 einingar per daa er vidare eit høgt måltal reint tradisjonelt i Sveio kommune, sjølv i delar av Sveio sentrum samt Rophus og Ekrene. Ein finn difor talet einingar per daa å vera rimeleg i høve til retningsline 12 når ein veg opp mot busetnadsstrukturen.

Retningsline 13 skal stimulere til differensiert bustadstruktur. Det er peikt på framtidig busetnadsstruktur, og særleg behovet for fleire leiligheiter i by- og tettstadsenter. Planområdet fell utanfor planen sine definerte by- og tettstadsenter. I planforslaget er det lagt opp til 21 einebustadar med sekundærhusvære (estimert til 5), som i seg sjølv bidreg til auka differensiering. I tillegg er det sett av eit konsentrert område som truleg kan romme 8 til 10 einingar. Ut i frå nemnde differensiering vil planområdet ha 60% einebustadar og 40% andre bueiningar. Ein antar at øvrige bueiningar i planområdet vil vera eigna for så vel fyrstegongsetablerande, einslege forsørgarar, og eldre. Med dette sikrar planområdet variert demografi i tråd med retningsline 13 bokstav b sine føringar for sentrumsnære områder.

For *retningsline 14* om bukvalitet finn ein at planforslaget samsvarar med føringane i regional plan, med henvisning til utgreidde friluft- og nærmiljø 3.1.4 og sosial infrastruktur 3.2.2. Planområdet er har ei solrik plassering mot sør og vest, og variert terreng gjev ilag med bygningsmessige tiltak gode moglegheiter for vindskjerma areal. Tomtestorleiken i planområdet tilseier at krava til MUA vert oppfylte. I tillegg vil avsette leikeområde BLK1 og BLK2 i planforslaget, ilag med leikeareal innanfor BBH (og skuleområdet elles) klårt fylle krava til leikeareal etter *retningsline 15*.

Konsekvens

Utbygginga er samla sett liten i omfang, men skjer innanfor det regional plan definerer som «bynært område». Begge alternativa på 70/2 er likevel unike i Sveio i høve til lokalisering/nærleik til skule, medan alternativ 1 òg sikrar barnehagetilbod i umiddelbar nærleik til både skule og bustadfelt. Sjølv om planområdet ikkje er direkte omfatta av byggjeområde vist i regional plan, finn ein at planområdet svarar på fleire overordna føringar i høve til statleg politikk på området, og bidreg til ei samlokalisering av bustadområde, barnehage og skule som er med på å sikre rasjonell arealbruk og lokalt auka bruk av gange og sykling. Det føreligg ikkje nokon direkte motstrid mellom retningslinene 9-15 og føreliggande planforslag. Med dette finn ein alternativ 1 å gje **middels positiv konsekvens (++)** grunna best samlokalisering av oppveksttenester og bustadområde, medan alternativ 2 gjev **liten positiv konsekvens (+)** der ein får samlokalisert bustadområde og skule.

3.2.4 Transportbehov og trafikktryggleik

Begge utbyggingsalternativa vil medføre trafikkauke på Fv541. Med bakgrunn i erfaringstal frå Viksekrinsen legg ein til grunn at 3/4 av nye bustadar vert bebudde av tilflyttarar utanfrå krinsen. Vidare legg ein til grunn to personbilar per brukseining, noko som vil auke ÅDT frå 920 til omlag 960 for alternativ 2. I dette alternativet reknar ein med personbiltransport til annan barnehage i krinsen. Bustadfeltet i alternativ 1 vil ha noko færre bueiningar, men samstundes romme barnehage med 80-100 plassar. Ein legg for 2020-talet til grunn at 1/3 av barnehagen vil vera bebuarar i byggjefeltet, som grunna internt vegnett kjem til barnehagen utan å belaste Fv541. Vidare legg ein til grunn at halvparten av dei eksterne bilane både leverar til barnehagen og Vikse skule. I slike tilfelle vil ÅDT vera uendra med bakgrunn i Vikse skule si faktiske plassering. Eksterne bilar vil i snitt levere 1,5 born. Med dette antar ein at barnehagen på Vikse vil medføre ein ÅDT-auke på om lag 25, og at auka ÅDT medrekna bustadfeltet i alternativ 1 då gjev ein ny ÅDT på 970. Dette utgjer ei isolert trafikkauke/trafikkverknad på 5,4% i eit tiårsperspektiv, som isolert sett er avgrensa – og vert teken opp av årleg berekna trafikkauke. Den lokale belastninga er imidlertid større, avkøyrsløyp/veganelegg til barnehagen må vera dimensjonert og planlagt i tråd med gjeldande handbøker.

Behovet for gong- og sykkelvegnett langs Fv541 er difor ikkje relatert til barnehage eller skule, men tilbod i breiare forstand. Det føregår for tida planlegging av gong- og sykkelveg som del av områdeplan for Ekrene, og dette planarbeidet vil sikre arealet gongvegnett til Fv47 og Ekrene.

Konsekvens

Planområdet har tilkomst til både barnehage og skule via internt vegnett og gongveg, samt gongveg til busshaldeplass. Forbindelsane til daglege behov, herunder kollektiv, er difor middels gode – og sær gode når ein vurderar born og unge sine interesser. Alternativ 1 vert rekna å ha **liten negativ konsekvens (-)**, medan alternativ 2 reknast å ha **ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-)**.

3.2.5 Risiko og sårbarheit

Definering av konsekvens og sannsyn – inndeling av sannsyn:

	Sannsyn	Frekvens
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Inndeling av konsekvens:

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.
2	Ein viss fare	Inntil 5 alvorlege person- skadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding.
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall

Konsekvens		Materielle verdier/økonomi (Ø)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr.
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdier, mellom 1- 10. mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdier av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. - 300 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
Konsekvens		Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
Konsekvens		Samfunnsviktige funksjonar (S)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans inntil 1 veke.
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader.
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift.

ROS-matrise

Ei visuell framstilling av ROS-analyse vil synleggjera behovet for å iverksetting av avbøtande tiltak. Grønt felt indikerar akseptabel risiko, gult felt indikerar middels risiko, medan raudt felt indikerar uakseptabel risiko. Hendingar i grønne felt tilseier ikkje signifikant risiko, hendingar i gule felt må vurderast, medan hendingar i raude felt fordrar avbøtande tiltak då risikoen er uakseptabel.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt
	2	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt
	3	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt
	4	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt
	5	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt	Grønt	Gult	Raudt	Raudt	Raudt
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
		Konsekvens																			

Me vil i det følgande vurdere situasjonen etter den utbygginga som er planlagt. Kolonna lengst til høgre syner kva tiltak som gjennomførast for å avbøte risikoen.

Hending	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Avbøtande tiltak
Trafikkskader	2 – sannsynleg	3 – alvorleg		Internt gong-/sykkelvegnett
Brann	2 – sannsynleg	3 – alvorleg		Brannkummar m. avstand ihht TEK
Støy frå Fv541	3 – noko sannsynleg	1 – ufarleg		Utanfor gul støysone Fv541
Friluftsliv/skader	2 – sannsynleg	1 – ufarleg		
Flaum/ras/skred	4 – lite sannsynleg	2 – ein viss fare		
Vind	3 – noko sannsynleg	1 – ufarleg		Vindlaster ihht Norsk Standard
Radon/stråling	4 – lite sannsynleg	2 – ein viss fare		Radonsperre på nybygg ihht TEK
Ureining/avfall	3 –lite sannsynleg	2 – ein viss fare		offentleg VAR

Det er ikkje avdekt uakseptabel risiko. Etter utbygginga vurderast risikoen i planområdet å vera låg. Noko auka konsekvens i høve til trafikkulykker vert pårekna, som ved all utbygging, men planområdet er godt sikra i høve til skuleveg og tilkomst til barnehage. Bebyggelsen i planområdet kjem utanfor gul støysone langs Fv541.

Sannsynet for brann- og redningsoppdrag vert antatt å auke som ei følge av større busetnad, men konsekvensen er innanfor akseptable grenser grunna beliggenheit nærme Fv47 og relativt kort avstand til Sveio brannstasjon. Berekna køyretid er 8 minuttar, og samla responstid er antatt å vera låg.

Fartsgrensa gjennom planområdet bør setjast til 30 km/t, og siktesoner vert innarbeida i tråd med gjeldande krav etter fartsgrensa på staden. Kva gjeld brann og redning bør det sikrast tilgong på sløkkevatn/brannkummar etter brannvesenet sine tilrådingar og avstandskrava gjevne i teknisk forskrift.

4 Samanstilling av alternativa

Me vil i det følgjande samanstille utbyggingsalternativa, og koma med ei tilråding for den vidare planprosessen.

Utgreiingstema	Alternativ 1	Alternativ 2
Landbruk	-	-
Kulturminne og kulturmiljø	-	-
Natur og miljø	-	-
Friluftsliv og nærmiljø	++	+
Landskap	-	-
Teknisk infrastruktur	+ / ++	0 / +
Vikse skule og barnehagetilbodet	+	-
Samordna BAT-planlegging	++	+
Transportbehov og trafikktryggleik	-	0 / -

Konsekvensutgreiinga syner at alternativa er forholdsvis like på miljøtema, medan alternativ 1 er betre på samfunnsmessige tema. Samla sett kjem alternativ 1 ut med **liten positiv konsekvens (+)**, og vert tilrådd lagt til grunn i den vidare prosessen.